

Radøy kommune
Byggesaksavdeling vTonje Nepstad Epland

Isdalstø 13.12.2015

Byggesak gard nr 24/86 Hordabøheimen – parkeringsplass og endra avkjørsle.

Viser til Dykkar brev datert 09.12.2015

Viser til dykkar brev vedlegg 1 der søknaden er mangelfull, vedlagt ligg etterspurte dokumenter.

Punkt 1:

Vedlagt ligg søknad om dispensasjon frå lov om vegar vedlegg 2, vedlagt ligg også godkjenning av parkeringsplasser frå Radøy kommune i brev av 26.11.2015 vedlegg 3, vedlegg 4 viser utforming av parkeringsplasser som er godkjent.

Punkt 2:

Vedlegg 4 viser målsetting og at det er mogeleg å manøvrere på eigen grunn.

Punkt 3:

Vedlagt ligg søknad om dispensasjon frå Reguleringsplanen NORBØ vedlegg 5 for etablering av parkeringsplasser uten å måtte endre reguleringsplanen. Vedlagt ligg kart som viser reguleringsplan NORBØ vedlegg 6.

Punkt 4:

Vedlagt ligg søknad om ansvarsrett med gjennomføringsplan for SØK/PRO/UTF for tiltaket henholdsvis vedlegg 7 og 8. Dette vart sendt inn i søknad datert 11.11.2015 heiter då vedlegg G-1 og G-2. Der viser at våre samsvarserklæringer vert sendt inn ved søknad om ferdigattest. Dette er no endra til at samsvarserklæring for PRO vert sendt inn no.

Punkt 5:

Vedlegg 9 viser samsvarserklæring for PRO.

Punkt 6:

Vedlagt ligg svar på nabomerknader som er sendt klager.

Vedlegg 10 viser merknad frå Steinar Floen med svar frå ansvarleg søkjar totalt 8 sider.

Vedlegg 11 viser merknad frå Aina Bø Nilsen med svar frå ansvarleg søkjar totalt 2 sider.

Vedlegg 12 viser merknad frå Ståle Villanger med svar frå ansvarleg søkjar totalt 5 sider.

Med vennleg helsing

Mob 97 01 96 34

Helge Sandvik




H.Sandvik as

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2119 - 15/14640

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

09.12.2015

Byggesak gbnr 24/86 Bø/Hordabøheimen - parkeringsplass og endra avkjørsle - mellombels svar

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av parkeringsplassar og endring av avkjørsle til bygning for tenesteytande næring.

Sakshandsamingsfrist

Sakshandsamingsfrist for søknad om løyve til tiltak med dispensasjon er 12 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-7.

Saksdokument

Bygningsstyresmakta stadfestar å ha motteke følgjande:

- Søknad om løyve til tiltak 13.11.15
- Søknad om dispensasjon 13.11.15
- Ettersendt nabomerknader (2stk) 16.11.15

Det ligg føre følgjande uttale frå andre styresmakter:

- Førehandsuttale frå kommunal vegstyresmakt av 18.11.15
- Godkjenning frå kommunal vegstyresmakt etter veglova for avkjørsel og plassering av parkeringsplasser i byggeforbodssone langs kommunal veg av 26.11.15.

Mottakskontroll

Konklusjon: Søknaden er mangelfull og kan ikkje handsamast som den ligg føre. Søknaden er ein føresetnad for søknad om bruksendring av sjølve bygningen til asylmottak og det er så vidt kommunen har forstått

naudsynt å få asylmottaket ferdigstilt innan nyttår. Om søknaden skal kunne handsamast i 2015 må manglane vere **retta innan 16.12.15**

Mottakskontroll av søknaden syner at følgjande må rettast før saka kan handsamast:

1. Søknad om løyve til tiltak, søknad om dispensasjon og situasjonsplan er ikkje i samsvar med godkjenning etter veglova. Det må sendast inn reviderte dokument og godkjenning etter veglova må leggjast ved.
2. Ny situasjonsplan må vere målsett og vise at plassering av parkeringsplassane gjer det mogleg å manøvrere på eiga grunn.
3. Det er søkt dispensasjon frå plan- og bygningslova § 20-4 og «plen». (Plan- og bygningslova § 20-4 gjeld søknadsplikt for tiltak utan krav til ansvarsrett.) Arealføremål for eigedomen er Offentleg tenesteyting. Det må søkjast om dispensasjon frå arealføremål Offentlig. Om plassering av avkjørsle kjem i strid med plassering av avkjørsel i reguleringsplan for Nordbø må det også søkjast om dispensasjon frå plassering av avkjørsle i reguleringsplan.
4. Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg belagt med ansvar. Det er kun søkt ansvarsrett for PRO konstruksjonssikkerheit.
5. Det ligg ikkje føre stadfesting av samsvarserklæring frå PRO som grunnlag for eit-trinnsløyve.
6. Nabomerknader er ikkje kommentert av ansvarleg søker, jf. e-post frå kommunen av 24.11.15.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
H.Sandvik as